



AKTIV DISTRIKTS- OG REGIONALPOLITIKK



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

FØREORD



Folk skal ha fridom til å busetje seg der dei vil, og vere trygge på at dei får gode velferdstenester når dei treng det. Det krev at me nyttar både dei naturgjevne og dei menneskelege ressursane våre på best mogleg måte. Ressursane finst over heile landet, frå nord til sør, frå innland til svaberg, frå vidde til storby.

Difor driv me aktiv distrikts- og regionalpolitikk. Det kjem alle til gode – om me bur i by eller bygd. Me har vekst i folketal og arbeidsplassar i nær sagt alle krikar og krokar av det langstrekke landet vårt.

Denne veksten har ikkje kome av seg sjølv, og vil ikkje gjere det i framtida heller. Ein medviten politikk er årsaka til veksten. Det er denne politikken me skal utvikle vidare, og som me skriv om i stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikken "Ta heile Noreg i bruk" (Meld. St. nr. 13 2012-2013).

I dette heftet finn du døme på kva ein får til med den distrikts- og regionalpolitiske innsatsen – innsatsen som gjev eit grunnlag for at eldsjeler og gründerar kan nærme seg draumen om å skape sin eigen arbeidsplass og kanskje arbeid til fleire, som får bedriftene til å vekse, og som bidreg til å skape gode lokalmiljø og fleire moglegheiter til mange.

Du møter menneska bak resultatane og døme på gode ordningar som blir gjorde om til vekst og utvikling i Noreg. Eg vonar desse døma gjev inspirasjon og optimisme.

Landet vårt er så rikt. Me må bruke den rikdomen klokt.

God lesnad.

Helsing

kommunal- og regionalminister
Liv Signe Navarsete

INNHALD

Attraktive lokalsamfunn	
Stokkøya blir ei heilt ny bygd	6
Liten kommune – stor bustadbygging	8
Tilflyttarar	
Initiativ gjev integrering	10
Eit godt tenestetilbod	
Nærbutikk med badestrand	12
Kulturell spaserstokk til glede	14
Kopling av arbeidsmarknader	
Vegane skapte ein ny bu- og arbeidsmarknadsregion	16
Studerer i Volda, vel Stryn	18
God kapasitet på breiband	
Fiberbreiband gav vekst	20
Næringsretta innsats	
Eit marint bioeventyr i Austevoll	22
Ny gruvedrift gav 500 arbeidsplassar	24
Klyngjesamarbeid gjev kompetanselyft	26
Blir i Nord-Troms	28
Entreprenørskap	
Ein ihuga gründer på Voss	30
God start i inkubatoren	32
Lærte å tenkje som bedriftsleiarar	34
Omstilling	
Frå omstilling til utvikling	36
Verdiskaping knytt til kultur- og naturarven	
Vidda Vinn	38

STOKKØYA BLIR EI HEILT NY BYGD

På Stokkøya i Sør-Trøndelag kjem Bygda 2.0, ein oppgradert versjon av bygda – mentalt forstørtra og fysisk fortetta. Litt meir by. Slik skal bygda bli meir attraktiv for tilflyttarar og tilreisande.

På Stokkøya strekkjer eit uvanleg bygningskompleks seg langs havet, bogeforma, akkurat som stranda. Bygningane ligg delvis under jorda, med arkitektur og utsmykking som fangar augo: Stokkøya Sjø-senter har to gonger vore omtalt i det velrenomerte designmagasinet Wallpaper. Folk kjem hit for å oppleve arkitekturen, maten, naturen og atmosfæren.

Bygda blir tappa

Det er gründerane Roar Svenning og kona Torild Langklopp som har skapt sjøsenteret. Rundt dei hyggjelege borda i sjøsenteret har ein ny idé no teke form. Roar har gått saman med systema til Torild, Ingrid, om å skape Bygda 2.0. Bakgrunnen er at Stokkøya har opplevd det mange små samfunn erfarer: Folk flyttar ut, særleg dei unge, dei med utdanning og dei med idear og skaparlyst.



Særeigen arkitektur står sentralt i Bulyst-prosjektet Bygda 2.0.



Ingrid Langklopp og Roar Svenning vil skape ein ny versjon av bygdelivet. Bygda 2.0.



Strandbaren på Stokkøy Sjøseneter er ein sterk magnet. Her er det Engasjert Byrå frå Trondheim som nyt mat, drikke og godt vertskap.

Skal snu trenden

Ikkje berre går folketalet ned. Bygda får ein skeiv samansetnad.

– Bygda blir ramma av intellektuell anoreksi, seier Roar Svenning.

Han stikk hovudet fram og tør å provosere med spissformuleringar. Nokon må gjere det, meiner han. Han kikkar bort på Ingrid. Ho smiler, bruker andre ord, men er einig i omtalen.

– Bygda blir tappa for folk som trengst her. Vi må få dei tilbake, eller vi må få nokon andre hit, seier ho.

Fylle krateret

Ideen om å skape Bygda 2.0 slo for alvor rot då ein ny veg over til naboøya etterlét eit skjemmande krater av eit steinbrot mot sjøkanten. Her ville dei skape noko nytt. Dei ville tette att krateret med hus og folk. Då Roar og kona bygde strandbaren og sjøseneteret, rista folk på hovudet av ideen. Med tolv årsverk og ei omsetning på 12 millionar kroner er det lite hovudristing i dag.

Med eit såpass nytenkjande prosjekt som Bygda 2.0 er det på nytt mange som ikkje forstår. Men denne gongen er det òg somme som applauderer. Mellom anna har prosjektet fått 1,5 millionar kroner i støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet gjennom satsinga Bulyst.

Arkitektur

Det kanskje mest berande elementet i Bygda 2.0 er ein arkitektur som skil seg positivt ut. Fire velrenommerte arkitekter frå fire land har teikna kvar sin bustad, som skal byggjast i steinbrotet. Husa skal liggje nede i fjøresteinane, dei skal vende mot nordvest og får ein fantastisk havutsikt.

Bygdeboksen skal bli eit fleirbruksbygg for kultur, næring, forskning og utdanning og skal mellom anna huse den såkalla MatLaben. Materialane til Bygdeboksen er alt på veg ut til Stokkøya.

– Det er for å dyrke fram ein matkultur med utgangspunkt i dei fantastiske råvarene her ute, forklarar Roar Svenning fornøgd.

Sjølv om arkitekturen er nyskapande og tøff, er det viktig å unngå at Bygda 2.0 blir for spesielt interesserte med høg løn.

– Du skal sjølv sagt ha råd til å bu her med ei normal løn, forsikrar dei to gründerane.

Magnet

Målet er å gjere Stokkøya attraktiv for folk som vil ha det beste frå to verder – eit fortetta bu- og næringsområde som minner om byen, i ein unik, open kystnatur.

– Om det blir med desse bustadene, er det bra. Men det kan bli 500, det kan bli 1 000. Så snart du sparkar i gang ei slik utvikling, blir ho organisk. Altfor mange hus på landsbygda er fritidshus, seier Svenning og Langklopp.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

LITEN KOMMUNE – STOR BUSTADBYGGING

I den vesle kommunen Hamarøy er heile 42 nye bustader nyleg oppførte eller under bygging. Dette er eit resultat av eit vellukka samarbeid mellom offentlig sektor og private aktørar. Bustad er ein kritisk faktor når det gjeld tilflytting og rekruttering. Det har Hamarøy teke konsekvensen av.

– Med tanke på folketalet er dette ei imponerende mengd bueiningar. Dei 42 bustadene fordeler seg på tre av tettstadene i kommunen. Nokre av dei er ferdig bygde, resten er påbegynte. I Bodø kommune ville det tilsvarande talet vore 1 150 bustader, seier rådmann Elin Eidsvik.

Hamarøy i Nordland har 1 771 innbyggjarar. Kommunen er i gang med to Bulyst-prosjekt, og bustadbygging er eit sentralt element i det eine.


Eg vil byggje!

Med nedgang i folketalet gjennom fleire år skulle ein tru at det var lett å få tak i ein ledig bustad.

– Hamarøy er ein attraktiv fritidskommune. Når eit hus går ut av dagleg bruk, vil arvingane ha det som feriebustad. Hamarøy kommune har fleire gonger opplevd at søkjarar må takke nei til jobb fordi det er mangel på bustader. Slik kan vi ikkje ha det, seier Eidsvik.

Ordførar Rolf Steffensen gjekk i førre valperioden ut i lokalavisa og varsla om ei akutt bustadkrise.

– Vi blei straks kontakta av ein dynamisk byggmeister frå nabokommunen som gjerne ville byggje. Det blei opptakten til Hamarøy-modellen, som er eit framifrå døme på offentlig-privat samarbeid (OPS), seier rådmannen.



Illustrasjonen viser nokre av utfordringane som finst på bustadsmarknaden i distriktskommunar (Melkeveien designkontor AS)



– Velkomen til Hamarøy! seier kommunalleiar Odvar Nordnes og rådmann Elin Eidsvik – svært fornøgde med at kommunen no har bustader å by på.

Kommunen vil ikkje eige

Modellen går ut på at kommunen lyser ut bustadprosjekt på Doffin, med langsiktige leigeavtalar om bustader til vanskelegstilte. Private eigedomsutviklarar byggjer, eig og forvaltar bustadene, og får same tilskot frå Husbanken som kommunen ville fått.

I leigeavtalane er det lagt inn krav om at det skal byggjast minst like mange bustader for ordinære bustadsøklarar som for vanskelegstilte. Dette sikrar tilbod til begge gruppene og medverkar til mangfald og inkludering. For å unngå press mot kommunen og lokalisering langt frå sentrum, må utbyggjaren sjølv disponere tomt innanfor ein definert sentrumsplan.

– Kommunen har meir enn nok bustadmasse å ta hand om. Vi ønskjer ikkje å eige meir. I utlysinga garanterer vi for bustader til vanskelegstilte, og vi tek atterhald om tildelingsretten, forklarar Eidsvik.

Fart i bustadbygginga

Ein lang periode, rundt rekna 10–15 år, blei det ikkje bygd ein einaste ny einebustad i kommunen.

– Ikkje så rart når vi veit at kostnadene ved å byggje nytt er like store som i byen, samtidig som det er heilt umogleg å få pengane att dersom du må

selje. Straks du set nøkkelen i døra, er milliontapet eit faktum, seier Nordnes.

Etter at bustadbygginga kom i gang gjennom samarbeidet mellom kommunen og private utbyggjarar, ser prosjektet ut til å ha smitta over på andre. No er fleire nye einebustader under oppføring.

Ein del av verda

– Ordføraren skal ha ros for at han tidleg tok inn over seg at fråflytting i distrikta kan vegast opp av tilflytting frå andre land. Å ta imot flyktningar er ikkje berre moralsk rett, det er strategisk heilt nødvendig. Ordføraren har vore svært tydeleg, og har lagt til rette for ei positiv haldning til innvandrarar. No er Hamarøy stolt av å vere ein fleirkulturell del av verda, seier Eidsvik og Nordnes.

Dei rosar òg Husbanken for eit konstruktivt samarbeid.

– Dei har heile tida vore på tilbodssida, og har fokusert på løysingar og resultat, seier rådmannen.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

“I eit attraktivt lokalsamfunn vil tilflyttarar og fastbuande finne seg til rette og ønskje å bli buande. Det er dei menneskelege ressursane som er dei viktigaste for å utvikle lokalsamfunna, rekruttere og halde på arbeidstakarar, bedrifter og befolkning.”

Meld. St. 13 (2012-2013) Ta heile Noreg i bruk

INITIATIV GJEV INTEGRERING

Mahdi Hassan frå Somalia blei godt teken imot i Fjellregionen i Hedmark og Sør-Trøndelag. No driv han Tynset judoklubb og sit i kommunestyret og i fagrådet til Distriktssenteret.

Mahdi Hassan kom til Tynset i 1995. Her bur han saman med kone og seks barn. Til dagleg underviser han på Tolga skule i nabokommunen.

Somaliaren er ein markant person i lokalsamfunnet. Han er blitt kåra til både «trollkjerring», årets førebilete og årets eldsjel. Han sit i kommunestyret, leier pleie-, omsorgs- og sosialkomiteen og Tynset internasjonale råd og sit i fagrådet for Distriktssenteret.

– Eg har nok utfordra systemet nokre gonger. Eg er veldig stolt av at Tynset har ein plan for integrering av innvandrarak. Det skulle kanskje vore sjølvsgt, men er det ikkje, seier han.

Statleg kontroll

– Kva er integrering, etter din definisjon?

– Å finne sin plass i det samfunnet du har kome til. Med språket opnar dørene seg, til utdanning, jobb og fritidsaktivitetar, seier han.



Mahdi Hassan er blitt ein markant person i Fjellregionen. Til dagleg underviser han på Tolga skule.

FAKTA

- Med i Fjellregionen er åtte kommunar fordelte på to fylke, med Tynset og Røros som jamstore regionsenter.
- Dei åtte kommunane er Røros, Tynset, Alvdal, Os, Holtålen, Follidal, Tolga og Rendalen.



– Vi tek imot flyktningar fordi det er rett og gjevande, seier ordførar Bersvend Salbu i Tynset kommune.

Mahdi Hassan utfordrar foreiningar til å få innvandrarar inn i styret.

– Det bør stå i vedtektene at innvandrarar skal ha slike verv. Foreiningar og lag heng svært langt etter når det gjeld integrering, seier han.

Han etterlyser òg statleg kontroll med korleis pengar til integreringsarbeid blir nytta.

– Berre introduksjonsprogrammet er obligatorisk. I grunnskulen blir det ført tilsyn med tilrettelegginga, men ingen har oversikt over tilbodet til vaksne innvandrarar. Her varierer kvaliteten veldig. Lukkast vi ikkje med å integrere foreldra, får vi heller ikkje gode resultat når det gjeld barna, seier Hassan.

Ord med omhug

Mahdi Hassan ventar at fleirkulturelle tek initiativ sjølve.

– Mange ressurssterke folk berre sit der. Til dei vil eg seie: Kom ut! Det nyttar ikkje å vente på at nokon skal kome og banke på døra. Ein må ta kontakt og gjere noko der ein kan.

Mahdi Hassan starta Tynset Judoklubb. Rundt 1 000 born har vore med opp gjennom åra.

– Eg har inga tru på eigne organisasjonar for fleirkulturelle. Det blir det lite integrering av. Ein skal òg vere medviten om kva ord ein bruker. Eg var fornøgd då Innvandrarrådet i Hedmark fylkeskommune endra namnet til Fleirkulturelt råd. Flyktningkonsulenten på Tynset har endra tittel til fleirkulturell koordinator. Det er mange etnisk norske som engasjerer seg i integreringsarbeidet, poengterer han.

Bullshit

Fjellregionen har lang tradisjon for å ta imot utlendingar, etter fleire hundre år med gruvedrift. Rundt 40 nasjonalitetar er no representerte.

– Eg avviser myten om at folk i utkanten er meir skeptiske til innvandrarar enn byfolk. Det er bullshit. Ja, skriv bullshit! Vi er vane med å vere i lag med allslags folk, på tvers av yrke, alder og fødestad, seier ordføraren i Tynset, Bersvend Salbu.

Han meiner kommunar bør ha eit godt mottaksapparat for alle, same kvar dei kjem frå.

– Alle har behov for at andre skal sjå dei og setje pris på dei. Det er nødvendig for å få tilflyttarar til å bli verande, seier Salbu.

Gjevande

Tynset kommune har hatt periodar då dei ikkje har busett flyktningar. No tek dei imot alle dei blir bedne om å ta imot, for tida 15 i året pluss familiesameiningar.

– Ein kommune kan ikkje gje seg til å vente på at dei skal få alt på stell for flyktningar. Då blir det aldri. Vi tek imot flyktningar fordi det er rett og gjevande, seier ordføraren.

Han vil gjerne at regionen dyrkar mangfald og det å vere annleis.

– Det er dei kulturane som får impulsar utanfrå, som overlever. Vi må ikkje vere redde for litt friksjon. Å sitje saman og alltid vere heilt einige og ha det koseleg kjem det ikkje stort ut av, kommenterer han.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

NÆRBUTIKK MED BADESTRAND

For daglegvarebutikken Joker Skartveit er gjestehamn og badestrand viktige trekkplaster. – Vi kunne aldri overlevd berre på daglegvare, seier kjøpmann Anita Torp Ørnes.

I 100 år har det vore butikk på Skartveit. Butikken på Halsnøy i Ryfylke er liten og proppfull av varer, sjarm og sjel. For dei 120 fastbuande er butikken det naturlege samlingspunktet i bygda. Men det er sommargjestene som reddar han.

Badestrand

– På ein vanleg vinterdag omset vi for mellom 5 000 og 10 000 kroner per dag. Ein god sommardag kjem vi fort opp i 100 000–150 000 kroner. Så då er det ein god porsjon omstilling som skal til i varebestillinga, seier Anita Torp Ørnes smilande.

Det er ho som har ansvaret for Joker Skartveit. Butikken har vore i familien til mannen sidan 1912. I dag er dei to tilsette: Anita sjølv og svigermor hennar, Wenche.

– Vi legg stor vekt på trivsel og godt miljø, både inne og ute. Vi har til dømes fått laga til ei sandstrand med palmar. Vi må jo ha noko å tilby sommarturistane, forklarar ho.

Drivstoff

Det har skjedd mykje nytt i og rundt butikken sidan Anita overtok i 2005. Ho har vore med på fleire kurs i regi av Merkur-programmet, og har òg fått støtte til å etablere drivstoffanlegg.

– Drivstoffanlegget ville vi ikkje hatt råd til utan tilskot. Drivstoffsalet er ikkje så lønsamt i seg sjølv, men det dreg kundar, som handlar meir når dei først er her, seier ho.

På Merkur-kursa lærte Anita mykje om økonomi, butikkdrift og andre matnyttige tema.

– I tillegg blei eg kjend med andre som driv butikk, og som har mange av dei same utfordringane som oss. Dei er ei god støtte, seier ho.

Mellom dei fremste utfordringane er priskrig og handelslekkasje.

– Vi gjer vårt beste for at kundane skal velje oss, seier Anita Torp Ørnes (t.h.) og svigermor hennar, Wenche Ørnes. I 2012 blei butikken deira kåra til «Landets beste lokale møteplass» i konkurranse med 500 andre Joker-butikkar.





FAKTA OM MERKUR-PROGRAMMET

- Merkur er eit «merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkane i regionane».
 - Merkur arbeider på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet.
 - Føremål:
 - leggje til rette for at eit kvalitativt godt tenestetilbod blir halde oppe i distrikta
 - sikre befolkninga i distrikta ein daglegvarebutikk nær heimstaden
 - auke forståinga for kor viktig daglegvarebutikken er for lokalmiljøet
- Les meir på www.merkur-programmet.no

Små daglegvarebutikker i distrikta må yte mangslags service for å vinne konkurransen om kundane. Joker Skartveit i Ryfylke har mellom anna laga badestrand!

- Har daglegvarebutikkane ansvar for å syte for møteplassar i bygdene?
 - Ingen andre gjer det, og no er skulen òg nedlagd. Vi gjer dette for at folk skal trivast på Skartveit, og for at kundane skal velje oss framfor naboøya. Heldigvis ser vi at stadig fleire gjer det, seier ho.

Møteplass

– Vi må gjere vårt beste for at kundane skal velje oss, er Anita sin enkle filosofi.

I tillegg til daglegvarer sel butikken drivstoff, gass, vatn og fiskeutstyr. Butikken har badestrand, apotek, post, gjestehamn og servicebygg med kafé, treningsrom og konferanserom.

– Tilleggstenester er ikkje noko nytt for butikken. Tidlegare generasjonar har drive med både telegraf, post og fiskemottak, seier ho.

Joker Skartveit strekkjer seg òg langt som sosialt samlingspunkt for bygda. Nokre av tiltaka er marknadsdag (med utviklingsstøtte frå Merkur), krabbe- og fiskekonkurranse for barn, skattejakt, julekalender for kundane, julegrantenning og nissefest. Då butikken feira 100 år våren 2012, blei heile bygda invitert til middag. Same året fekk Joker Skartveit næringsprisen frå kommunen, og blei kåra til «Landets beste lokale møteplass» mellom 500 butikkar i Joker-systemet.

Juvelen for båtfolket

2011 var Skartveits første sommar med gjestehamn og servicebygg for båtfolket. Året etter blei anlegget nominert som «Årets gjestehamn» av Båtmagasinet.

– Vi hamna på tredjeplass, og magasinet kalla oss «Den nye juvelen for båtfolket». Det er sjølvsagt stas! seier ho.

No skal Joker Skartveit ommøblere for å gje plass til ein kaffikrok.

– Så trur eg vi er ferdige for ei stund. Men kven veit? Plutselig poppar det vel opp ein ny idé, seier ho.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Joker Skartveit

KULTURELL SPASERSTOKK TIL GLEDE

Kulturopplevingar gjev eldre betre livskvalitet.

– Det skaper forventning, noko å glede seg til. Ein kjem ut, treffer kjenningar og får ei avveksling, sprudlar Karin Bjørnødegaard, dagleg leiar på Frivilligsentralen i Gausdal.

Gjennom "Den kulturelle spaserstokken" får eldre over heile Noreg kulturtilbod rett utanfor dørstokken. Tanken er at kulturopplevingar gjev meir aktivitet og mindre einsemd. Verdien av Den kulturelle spaserstokken strekkjer seg difor langt ut-over opplevinga av sjølve framsyninga.

På Follebutunet omsorgssenter står oppsetjinga "Vesleblakken" på planen denne dagen.

– Det er svært god oppslutning om arrangementa våre. Vi bruker ikkje mange kronene på ei slik framsyning, men du verda for ei triveleg stund det blir. Takk vere pengane frå Den kulturelle spaserstokken kan vi òg halde billettprisane låge, fortel Bjørnødegaard.



Bebuerane Bjørn Midtlien (t.v.) og Bjarne Aanerudhaugen (i midten) koste seg under framsyninga "Vesleblakken". Til høgre Arve Bergum frå Frivilligsentralen.



Leiar for Frivilligsentralen, Karin Bjørnødegaard, fortel sosionomstudentar kva Den kulturelle spaserstokken er.



Barnehagebarn og sjukeheimsbebuarar hadde ei flott stund då dei saman fekk oppleve framсыninga «Vesleblakken» med Teater Grimsborken på Follebu omsorgssenter.

Køyrd til døra

Frivilligsentralen har ansvaret for Den kulturelle spaserstokken i Gausdal.

– Vi har mange aktivitetar retta mot eldre, og då er det flott å kunne tilby kvalitetskultur òg, seier ho.

– Det er eit poeng å spreie aktiviteten og dra ut dit folk bur. Vi set opp busstransport og tek vare på pensjonistane frå dei går ut av ytterdøra, til dei er heime att. Vi samarbeider òg godt med grendehusa rundt om i kommunen. Mange flotte grendehus er altfor sjeldan i bruk. Å kome til det lokale ungdomshuset vekker ofte glade minne frå gamle dagar, som: «Ja, her har eg dansa i min ungdom», fortel Bjørnødegaard.

Gode minne

Rullestolar og rullatorar trillar inn mellom stolradene i møterommet i Follebutunet. Mange må ha hjelp til å kome seg på plass. Det er forventingsfull summing i lufta. Ingen synest å ha det travelt med at framсыninga skal kome i gang. Publikum er bebuarar på sjukeheimen og i omsorgsleilegheiter, og barn frå Follebu barnehage.

– Det handlar om å minnast, om å hugse korleis det var å vere barn, seier skodespelarane som ein introduksjon.

Publikummar Bjørn Midtlien sit i rullestolen og nyt å høyre ei forteljing han kjenner godt.

– Ja, «Vesleblakken» høyrde vi mange gonger då eg var barn, seier han.

Kjensleladd

Det er Teater Grimsborken som set opp framсыninga «Vesleblakken» i samarbeid med Teater Innlandet. Teaterstykket byggjer på forteljinga «Vesleblakken» av Jacob Breda Bull, kanskje aller mest kjend gjennom songen med det same namnet, laga av Erling Stordahl.

– Dette var ei veldig flott framсыning, og eit kjensleladd gjensyn, seier Bjørn Midtlien rørt etter at skodespelarane har gått av scena.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

FAKTA

Den kulturelle spaserstokken blei etablert som ei statleg ordning i 2007.

Målet med Den kulturelle spaserstokken er

- å syte for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre
- å leggje til rette for meir samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren
- å medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei held til i kvardagen

Kommunane kan søkje midlar frå Den kulturelle spaserstokken. I 2012 fekk 321 kommunar tilskot.

VEGANE SKAPTE EIN NY BU- OG ARBEIDSMARKNADSREGION

Då Kvivsvegen på Søre Sunnmøre opna hausten 2012, blei ein ny, stor region fødd på grensa mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Fødselen tok til alt i 2008. Då opna Eiksundsambandet, som knytte Volda og Ørsta ferjefritt saman med Ulsteinvik, Hareide og andre stader vest i havet. To små regionar med 20 000 innbyggjarar kvar, blei til ein fellesskap med 40 000 innbyggjarar.

Lettare å kombinere jobb, bustad og utdanning

Med Kvivsvegen som ein del av E39 fekk Volda og Ørsta fast vegsamband også austover. Veggen knytte nye 20 000 personar til den ferjefrie fellesskapen. Dei to vegane har dermed skapt ein region der det bur 60 000 menneske. Det tek eit par timar med bil frå den eine enden til den andre. Tidlegare var det nesten ei dagsreise. Veggen gjev òg eit raskare samband mellom søre Sunnmøre og Austlandet via Strynefjellet.

Store delar av den nye Kvivsvegen på grensa mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er vakker, også på kveldstid.



Folk i området snakkar no om at regionen er blitt open og tilgjengeleg, ikkje nattestengd og regulert av ferjetider. Det er mogleg å kombinere jobb, bustad og utdanning på andre måtar enn før. Å reise til sjukehus eller kjeveortoped tek ikkje lenger heile dagen, og det går an å gå på kino eller restaurant sjølv om ein bur eit stykke unna.

Stabilt og robust

Jørgen Amdam er professor i samfunnsplanlegging ved Høgskulen i Volda. I ein liten mannsalder har han følgt utviklinga i regionen rundt Volda. Han omtaler samfunnet som stabilt og meir robust på grunn av dei to store vegprosjekta.

– Arbeidsmarknaden er langt større, personleg utfalding har fått betre kår, og offentlege tenester kan lettare forsterkast, samordnast og betrast, seier han.

På Høgskulen i Volda er det eit stort jenteoverskot

– 70 prosent av dei 4 000 studentane er jenter. I ytre strøk er det motsett, der er gutane i overvekt. Jørgen Amdam smiler lurt og seier:

– Når vegen fører til meir trafikk mellom desse områda, seier det seg sjølv kva som gjerne vil skje. Det er klart at det er positivt for befolkningsutviklinga.

Svært internasjonal

Oppsiktsvekkjande mange av bedriftene i regionen driv utoverretta og internasjonalt. I Ulsteinvik blir det kvart år bygd 20 supplybåtar til oljenæringa. Dei blir selde til heile verda, for rundt ein halv milliard kroner per stykk.

I Stryn, ein kommune med 7 000 innbyggjarar, finst det mange utovervende bedrifter som er avhengige av gode kommunikasjonar.

Éin av dei er Tønning Møbelfabrikk AS. Dagleg leiar Silje Vollan sørgjer for at fabrikk med ein kombinasjon av god design, gode materiale og dyktige fagfolk leverer kvalitetsmøblar i det høgare prissjiktet. Med materiale frå USA, Finland og Canada, og med ein marknad som i hovudsak ligg på Austlandet, er pålitelege kommunikasjonar viktig for møbelfabrikk. Silje Vollan er svært glad for



Kvivsvegen er viktig for bedrifter i den nye bu- og arbeidsmarknadsregionen. Silje Vollan i Tønning Møbelfabrikk (t.v.), Sissel Drageset i Ricco Vero og Harold Wieldraaijer i Nomek AS er mellom dei som ser nye moglegheiter.

Kvivsvegen. Ho synest ein milliard kroner er vel nytta pengar.

– Det var på tide at vegen kom. Her har vi flust med rasutsette vegar der det mange stader er så trengt at ikkje eingong personbilar kan møtast. Slik eg ser det, er Kvivsvegen starten på eit vegnett som ikkje bremsar næringsutvikling og verdiskaping, men legg til rette for det, seier ho.

Rekruttering

Stryn-bedrifta Nomek AS produserer lastebilpåbygg og modular til skipsindustrien. Leiv Arne Egset i leiargruppa fortel om transportetappar som har vore som «ei lita jordomsegling» når lange konstruksjonar på mange tonn skulle fraktast på smale vestlandsvegar med fleire ferjer. I så måte er Kvivsvegen ein draum, men Egset legg vel så mykje vekt på at vegen har skapt ein utvida bu- og arbeidsmarknadsregion. Nomek er avhengig av å ha arbeidstakarar med rett kompetanse til kvar tid.

– Det har ikkje vore like lett alltid, men takk vere nyvegen har vi fått eit mykje større omland å rekruttere frå. No treng ein ikkje lenger bu i Stryn for å arbeide her, seier Egset.

På spørsmål om det ikkje er drygt å bruke ein milliard kroner på ein veg i eit område der det ikkje bur så veldig mange, dreg han på smilebandet.

– Vegen er ikkje så dyr. Kostnadene med dårlege vegar er òg store, både økonomisk, helsemessig og miljømessig. Spørsmålet er kva budsjett du tek utgiftene på, seier han.

Tekst og foto: Erik Veigård


STUDERER I VOLDA, VEL STRYN

Dei tre stryningane Marie, Benedicte og Elise har fått ein ny kvardag med Kvivsvegen. Skulevegen til Volda er halvert i tid, og alle tre vil bu og jobbe i regionen når dei er ferdige lærarar.

– Eg har aldri vore i tvil om kvar eg skal slå meg ned. Eg har alltid trivest i Stryn. Kvivsvegen er eit pluss som gjer mange ting lettare, seier Marie Vik Nygård (20).

Halve tida

Ho og dei to veninnene Benedicte Garlid Storaker (20) og Elise Bødal (21) pendlar dagleg frå Stryn til Høgskulen i Volda. Dei vekslar på køyringa og synest ikkje pendlinga er noko problem.



Statens vegvesen



Dei tre studentane Elise (t.v.), Benedicte (i midten) og Marie set pris på at den nye Kvivsvegen har halvert tida dei bruker på å reise til Høgskulen i Volda.

Då det ferjefrie sambandet til Volda opna 22. september i fjor, fekk dei reisetida halvert. Inntil då tok turen mellom Stryn og Volda 1 time og 20 minutt, når alt gjekk greitt og dei køyrde rett om bord på ferja. I dag tek turen 45 minutt. Det same gjeld for dei som skal til Volda på jobb, til sjukehus eller i anna ærend.

Føregangsjenter

Det vanlege er at ungdom frå Stryn flytter til Oslo eller Trondheim når dei skal studere. Kommunen med 7 000 innbyggjarar har gjennom åra sendt mange unge frå seg. Dei tre pendlarveninnene er mellom dei første til å velje ein annan veg.

– Eg veit ikkje om andre som har valt å bu her i Stryn i studietida, seier Elise.

Benedicte seier at medan dei gjekk på vidaregåande, var det godt å vite at nyvegen skulle opne same hausten som dei begynte å studere.

– Det hadde ikkje blitt Volda for meg utan Kvivsvegen, slår ho bestemt fast.

Lekser og slikt ...

Med tre kvarters pendleveg kan jentene sove litt lenger om morgonen. Om ettermiddagen får dei betre tid til lekser, trening og sambuarar. For dei tre unge para har Kvivsvegen opna ein større region, ikkje berre for utdanning, men òg for komande bu- og arbeidskombinasjonar.

– No er det forresten nokre frå Volda som har teke seg jobb her i Stryn, og som framleis bur i Volda. Det er nytt, seier Elise.

Tekst og foto: Erik Veigård

”Transportinvesteringar kan binde saman folk og arbeidsmarknader og gje regionalar større tyngde og rekkevidde. Slik kan kopling av arbeidsmarknader motverke sentraliserings-tendensane i landet.”

Meld.St.13 (2012-2013) Ta heile Noreg i bruk

FIBERBREIBAND GAV VEKST

Etter at Rødberg fekk fiberbreiband i 2009, kunne Friis Arkitekter utvide staben og opne filial på Kongsberg.

Nore og Uvdal kommune øvst i Numedal har 2 500 innbyggjarar. Kommunen har like stort flatemål som heile Vestfold fylke.


– Vi har god plass og store avstandar, seier Nils Friis.

Føresetnad

Friis har siste året etablert eit arkitektkontor i Kongsberg i tillegg til kontoret i kommunesenteret Rødberg. Fiberbreibandet hit blei kommersielt bygd



Arkitekt Nils Friis og teikneassistent Astrid Bilstad i Friis Arkitekter AS er svært fornøgd med fleksibiliteten som fiberbreibandet gjev.



Illustrasjonen viser korleis mange aktørar må bidra for å få breiband fram til ei grend i utkanten av kommunen (Melkeveien designkontor AS)

“Godt utbygd breiband, men òg telefoni og annan digital infrastruktur, er sentralt for å sikre likeverdige levekår og full samfunnsdeltaking i heile landet”

Meld. St. 13 (2012-2013) Ta heile Noreg i bruk

ut i 2009. Private hushald nøyter seg gjerne med løysingar via Telenor. Kontorfellesskapen som Friis Arkitekter er ein del av, bruker cirka 30 000 kroner i året på breiband.

– Det er nokså dyrt, men verd det, seier Friis.

Nore og Uvdal kommune har prioritert utbygging av fiberbreiband til dei delane av kommunen som ikkje hadde breibandsdekning i det heile.

– Ei kompetanseverksemd som vår kunne aldri ha vakse på denne måten utan fiberbreiband. Eg kunne vel ha «surra på» aleine nokre år til, men tida spring raskt frå dei delane av Noreg som ikkje har fiberbreiband. Det er trasig for dei som er utan, meiner Friis.

Smidig

Den merkbare skilnaden i kvardagen er at firmaet kan sende store, tunge vedlegg med e-post på ein-to-tre. Dette erstattar store mengder papir med vanleg postgang. Det reduserer også behovet for fysiske møte.

– E-posten går mykje raskare og tillèt langt større vedlegg enn før vi fekk fiber. Det gjer det enkelt for kontoret på Rødberg å kommunisere med kontoret på Kongsberg.

I tillegg til Nils Friis sjølv, sysselset Friis Arkitekter to arkitektar og ein teknisk teiknar.

– Det er vel ikkje vanleg å treffe tre høgskuleutdanna arkitektar ute på landsbygda. Staben arbeider dels frå Rødberg-kontoret, dels frå Kongsberg og litt frå heimekontor. Dette er ein heilt ny fleksibilitet, som vi kan takke breibandet for, seier han.

Færre møte

Friis Arkitekter AS har kontorfellesskap på Rødberg saman med fire andre verksemdar. Ei av dei er firmaet Vidda Ressurs, som arbeider med arealplanlegging og driftar fellesfunksjonar. Det naturlege fagmiljøet til arkitekten – Drammen Arkitektforening – ligg langt unna. Friis er sjeldan med på arrangementa der.

– Det er jo ein sjølvvald «isolasjon», men desto viktigare er det å ha kontorfellesskap og kollegaer. Fysiske møte og papir blir det mindre og mindre av. Det er enkelt å rådsla via e-post, anten det no gjeld bygningstekniske spørsmål eller dialog med kundane, seier han.

Dei aller fleste kundane bur utanbygds.

– Mange er hyttebyggjarar som bur i Oslo, Moss, Drøbak og andre stader. Det er sjeldan behov for å møtast fysisk, så det spelar eigentleg lita rolle kvar kunden held til, seier Nils Friis.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

EIT MARINT BIOEVENTYR I AUSTEVOLL

For få år sidan var fiskeslo problemavfall. No er det ettertrakta råstoff, som blir raffinert til mellom anna kosmetikk, medisin og dyrefôr. Tre gründerar frå Austevoll oppdagar stadig nye bruksområde.

Frå Austevoll, sørvest for Bergen, har gründerane Harald Hagen, Karstein Pedersen og Kjartan Sandnes dei siste ti åra bygd opp bedrifta Marine Bioproducts.

Noreg kan bli best

Selskapet har bygd ein fabrikk på Sotra, Biomega på Skaganeset, der dei har 24 tilsette og omset for 100 millionar kroner i året. Men fabrikkene er bygd for

det dobbelte av produksjonen i dag. Det springande punktet er råstoff: Fleire har oppdaga potensialet, så det er kamp om fiskeavskjeret.

– Noreg er den nest største sjømatnasjonen i verda. Vi er teknologisk avanserte og langt framme i akkurat denne delen av biologisk forskning. Vi kan bli best i verda på dette feltet, seier Kjartan Sandnes, FoU-sjef i Marine Bioproducts.



Kvalitetsleiar Bernt Konradsen med nokre av produkta frå Marine Bioproducts.

Forskar vidare

Verken han eller administrerande direktør Per Kristian Knutsen bruker orda fiskeavfall og biprodukt om råstoffet. Dei kallar det restråstoff. Fabrikken mel det opp, slik at det kan sendast gjennom lange røyr til dei mange tankane i fabrikk. Mykje av det som skjer her, er patentert og hemmeleg, men enzym gjer viktige delar av jobben. Enzym er biologiske katalysatorar som kan bryte ned og skilje ut det ein er interessert i å sitje att med.

Eitt av måla for Biomega er å sitje att med mest mogleg av eit vassløyseleg høgkvalitetsprotein som blir tørka og male til pulver. I dag går dette produktet mest til kjæledyrfôr, men det har òg andre interessante bruksområde.

Medisin

– Protein frå fisk har svært god næringsverdi, men har skarp lukt og smak etter prosesseringa. Vi vil forske vidare på korleis det kan utnyttast i næringsmiddel. Vi gjer kliniske forsøk på både menneske og dyr. Mellom anna har vi sett gunstig effekt på hjarte- og karsjukdommar, seier Sandnes.



Administrerende direktør Per Kristian Knutsen (t.v.) og FoU-sjef Kjartan Sandnes (t.h.) trur Noreg kan bli best i verda til å utnytte restråstoff frå fiskerinæringa.

Andre moglege forretningsområde er å produsere «mat» til mikrobar og bakteriar som blir nytta til å framstille til dømes penicillin og insulin.

– Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd er viktige støttespelarar for FoU-innsatsen til selskapet, seier Sandnes.

Forbrukarar vil i stadig større grad vite korleis maten dei kjøper, påverkar miljøet.

– Det kan til dømes vere ein fordel for ein lakseprodusent å vise til at filetavskjeret blir nytta i aids-medisin som reddar afrikanske barn, spår Knutsen.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

FAKTA

- Bioøkonomi er produksjon av varer basert på fornybare ressursar, i motsetning til petroleumsøkonomi.
- Olje er i dag grunnlaget for 90 prosent av den kjemiske industrien i verda.
- OECD oppmuntrar til bioøkonomisk produksjon, og stadig fleire kommersielle aktørar kjem på banen. Døme: Coca-Cola har bestemt at plastflaskene deira skal vere bioøkonomisk produserte innan 2020. Bilprodusentar har begynt å bruke interiørplast som ikkje er laga av olje, men av halm og gras ved hjelp av enzym.
- Bioøkonomi er den største endringa for kjemisk prosessindustri sidan den industrielle revolusjonen, hevdar Ole Jørgen Marvik i Innovasjon Noreg.
- Nettverk for industriell bioteknologi skal medverke til betre utnytting av fornybare råvarer ved hjelp av ny teknologi, spreie kunnskap og etablere samarbeid mellom primærnæringar og industri. Målet er å sikre norsk næringsliv ein sterk posisjon i eit framtidig bioøkonomisk samfunn, og gje nye vekstalternativ i distrikta

NY GRUVEDRIFT GAV 500 ARBEIDSPLOSSAR

**Sydvaranger Gruve sysselset i dag 500 personar.
Etter fleire forsøk på å opne gruvedrifta på nytt lukkast
det i 2007 – mellom anna på grunn av Innovasjon Noreg.**

I internasjonal målestokk er Sydvaranger Gruve ei av dei minste jerngruvene i verda, men i lokal målestokk er bedrifta ein gigant. Sidan gruvedrifta blei innstilt i 1996, har det vore fem forsøk på å opne gruvene att. Då det lukkast, gav Innovasjon Noreg (IN) verdifull fødselshjelp.

– Vi fekk eit lån på 90 millionar kroner frå dei – ikkje så mykje samanlikna med investeringane på to milliardar kroner, men likevel svært verdifulle pengar, seier økonomi- og administrasjonsdirektør Sissel Bækø.



Sydvaranger Gruve driv på jernmalmførekostane i Bjørnevatn, 10 kilometer frå Kirkenes.



Sissel Bækø (t.v.) og Harald Martinsen er direktører på kvart sitt felt, høvesvis økonomi og utvikling. Dei har stor tru på at Sydvaranger Gruve skal doble produksjonen og styrkje posisjonen sin.

Signaleffekt

Nyopninga av gruveverksemda blei i første omgang finansiert via børs i Australia, der ein henta 700 millionar kroner til rehabilitering av anlegg og infrastruktur. Men investeringsbehovet viste seg å vere større. Lånet frå IN gav ein viktig signaleffekt til andre og private investorar. I dag er det stort sett utanlandske investorar som eig aksjar, berre 20 prosent av aksjane er på norske hender. Også for dei har det vore viktig at norske långjevarar har hatt tru på prosjektet.

– Vi må skryte av IN for at dei har handtert lånevilkåra fleksibelt når vi har hatt behov for det. Det har vore til god hjelp, seier utviklingsdirektør Harald Martinsen.

Ikkje nok forståing

Han synest forståinga for behovet til gruveselskapet kunne vore større, både hjå folk flest og i den offentlege forvaltninga.

– Mykje kunne vore betre, men mykje er òg bra, ikkje minst i den lokale forvaltninga, som mange gonger har stått for smidige løysingar, seier han.



Anita Rønning søkte opplæring som truckfører hos Sydvaranger Gruve. Overraskinga var stor då det viste seg at jobben ikkje var å køyre gaffeltruck, men ein 150 tonn koloss som lastar inntil 150 tonn malm.

Ikkje alle jublar

I ein enorm dumpar på 150 tonn sit Anita Rønning og tek imot 130 tonn malm som ho køyrer til neste ledd i prosessen. Ho søkte på jobb som truckfører, utan å ane at truck og dumpar er det same på gruvespråket. I staden for å køyre gaffeltruck på eit lager dundrar ho no av stad med 280 tonn på humpete grusvegar. Det trivst ho godt med, men ho fortel at begeistringa over gruedrifta ikkje er udelt hos alle i kommunen.

– Eg synest det er mange som klagar på støy og støv og ikkje ser dei positive sidene, seier ho.

Tekst og foto: Erik Veigård

KLYNGJESAMARBEID GJEV KOMPETANSELYFT

Eit høgkompetent offshoremiljø på Sørlandet har gått frå å vere ein godt gøymd løyndom til å bli ein sentral aktør, både nasjonalt og internasjonalt – mykje takk vere klyngjesamarbeidet NCE NODE.

– Det er betre kjent i Houston enn her heime at Sørlandet har eit verdsløiande olje- og gassmiljø. Hjartesukket kom frå dåverande Aker-sjef Roald Amundsen i 2004. Saman med Kjell O. Johannessen, noverande leiar for NCE NODE, begynte han å sjå nærare på mekanismane som gjorde sitt til at dette var ein uynskt løyndom.

Underkommunisert

– Vi var eit umåteleg underkommunisert kompetansemiljø. Universitetet visste ikkje om oss, vi visste ikkje om dei, «alle» trudde at Stavanger var aleine om offshorekompetanse. Då Innovasjon Noreg kom på banen med informasjon om Arena-midlar, ante vi ikkje kva ei klyngje var. Vi visste ingenting om verke-middelapparatet. Men etter at NODE blei etablert, har utviklinga verkeleg skote fart, seier Johannessen.

NCE NODE består i dag av 58 bedrifter og 9 000 tilsette.



Skotpremie?

Klyngja blei formelt etablert 1. januar 2006. Då var det 29 klyngjebedrifter. Dei hadde til saman 1 800 tilsette, ei samla omsetning på 5 milliardar kroner og ein samla ordresreserve på 2,5 milliardar kroner. I dag er det dobbelt så mange bedrifter, 9 000 tilsette, 45 milliardar kroner i omsetning og ordreservar på 90 milliardar kroner.

– Det var – i overført tyding – meir skotpremie enn samarbeid som prega forholdet mellom bedriftene. Utan intens konkurranse ville produkta ikkje vore så bra, men det er likevel mogleg å samarbeide om slikt som gagnar alle, til dømes rammevilkår, rekruttering og kunnskapsbygging. Eg er overtydd om at Sørlandet hevdar seg betre i kampen om arbeidskrafta takk vere NODE. Klyngja har òg utan tvil medverka til utvikling av Universitetet i Agder, seier Kjell O. Johannessen.

FAKTA

- Forkortinga NCE NODE står for Norwegian Center of Expertise, Norwegian Offshore Drilling Engineering.
- NCE NODE omfattar 58 bedrifter på Sørlandet, som kvar for seg er spisskompetente leverandørar innanfor sine nisjar.
- Mottoet til NCE NODE: Offshorenæringa på Sørlandet skal framleis vere verdsleiande, uansett konkurranse.



Kranene på dette offshorefartøyet er levert av Cargotec i Kristiansand, medlem i NCE NODE. Kranene kan halde gjenstandar i ro på store havdjup, sjølv om båten blir utsatt for høge bølger.
Foto: NCE NODE

Trygg plattform

Ei klyngje er noko heilt anna enn ei bransjeforeining.

– Vi har ikkje medlemsmøte. Arbeidet vårt er organisert i nettverk og prosjekt. Vi har brukt mykje tid på å skape ei trygg plattform for samarbeid. I utgangspunktet var det mange som tvilte på at bedriftene skulle klare å samarbeide i det heile. Men det viser seg at bedriftsleiarane har kjent på einsemda og sakna samarbeid.

Vi opererer med heilt klare spelereglar. Vi kan til dømes snakke om marknader, men aldri om kundar. Vi kan snakke om kva teknologi som er tilgjengeleg ute i verda, men aldri om strategiane til einskildbedriftene. Slik må det vere dersom ei bedriftsklyngje skal kunne overleve, meiner Johannessen.

Tre år frå no

– Kvar står NCE NODE om tre år?

– Vi har gjort ein framtidsstudie, «NODE 2020 – næringsklyngje i verdsklasse». Eg tør påstå at vi er komne lenger enn dei fleste norske bedriftsklyngjer. Vår ambisjon er å samarbeide med dei beste universiteta og dei sterkaste innovasjonsmiljøa i verda for å styrkje kompetansen i klyngja. Vi skal framleis vere ei verdsleiande klyngje innanfor energi og teknologi, og Sørlandet har blitt ein verdsleiande region innan fagfeltet mekatronikk, seier Johannessen optimistisk.

Tekst: Hanne Løkås Veigård

BLIR I NORD-TROMS

Då havbruksselskapet Lerøy Aurora flytta slakteriet sitt frå Kåfjord i 2007, ynskte dei framleis å vere i Nord-Troms, der Tiltakssona gjev fordelar til både bedrifter og privatpersonar.

– Verkemidla i Tiltakssona hadde innverknad på den nye lokaliseringa vår her i Skjervøy. Vi er heilt fritekne for arbeidsgjevaravgift, og det er viktig for oss som sysselset så mange, seier administrerande direktør Renate Larsen i Lerøy Aurora.

Éin million måltid dagleg

Lerøy Aurora produserer laks, basert på 17 oppdrettskonesjonar i Troms og smoltproduksjon i Finnmark. I hovudstet på Skjervøy har bedrifta slakteri, fordelingsanlegg og emballasjeproduksjon. Om lag



Katrine Bones Enger kom til Skjervøy for fem år sidan som kvalitetsleiar for Lerøy Aurora. Ho verdset fordelane Tiltakssona gjev både henne og bedrifta. (Foto: Marius Fiskum)



Lerøy Aurora har anlegg i fire kommunar i Nord-Troms, der Tiltakssona gjev bedrifta spesielle fordelar. (Foto: Lerøy Aurora)

240 fulltids- og deltidstilsette utgjer til saman 180 årsverk i kommunane Skjervøy, Tromsø, Karlsøy, Lyngen og Kåfjord. Produksjonen er imponerende. Frå Skjervøy gjekk det hausten 2012 dagleg 16 trailerar med 300 tonn ferdige lakseprodukt. Det svarer til over éin million måltid ut i verda – kvar dag. I denne regionen er Lerøy Aurora eit kraftsenter som òg har mykje å seie for verdiskapinga i 125 leverandørbedrifter, der dei gjer innkjøp for 250 millionar–300 millionar kroner i året.

Gode samfunn viktig

Renate Larsen er overtydd om at sjømatnæringa har framtida for seg i Nord-Noreg. Her er det framleis mykje tilgjengeleg areal, og miljøutfordringane er mindre enn andre stader.

– Dei naturgjevne forholda er gode, men like fullt er det viktig å leggje til rette for industrien. Vi treng fungerande lokalsamfunn med gode offentlege tilbod. Når vi skal rekruttere høgt utdanna medarbeidarar, spør dei etter skule-, barnehage- og fritidstilbod. Vi konkurrerer om denne arbeidskrafta med bedrifter i godt utbygde strøk, seier ho.

Då bedrifta etablerte seg på Skjervøy, fekk dei omstillingsmidlar og lån frå Innovasjon Noreg. 30 prosent av det samla lånebehovet til bedrifta blei dekt av Innovasjon Noreg.

– Når ein skal byggje industri i grigrendte område, er slik støtte svært positivt, ikkje minst overfor andre investorar, seier Renate Larsen.

”Næringsinnrettinga i distrikts- og regionalpolitikken er eit grep for å tenkje langsiktig, og som skal verke langsiktig.”

Meld. St. 13 (2012-2013) Ta heile Noreg i bruk

Slo seg ned på Skjervøy

Katrine Bones Enger (31) er kvalitetsleiar på Lerøy Aurora. Ho fer høgt og lågt og vidt og breitt for å passe på det aller viktigaste: kvaliteten på produksjonen. Enger er utdanna fiskehelsebiolog, og kom til Skjervøy for fem år sidan. Overgangen frå storbyen Bergen var stor, men den vesle kommunen i Nord-Troms blei eit lukkeleg val.

– Her er flotte menneske, fin natur og skikkelege årstider. Det set eg pris på, seier ho og pakkar dunjakka godt rundt seg.

At ho får skrive ned studielånet med 25 000 kroner i året, var ikkje utslagsgjevande for at ho tok jobben, eller for at ho held fram å bu her.

– Men det er ein kjempebonus, ingen tvil om det, både for meg og for alle andre som har studielån, seier ho.

Tekst: Erik Veigård

FAKTA

Tiltakssona inkluderar alle kommunar i Finnmark samt sju kommunar i Nord-Troms: Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen, Karlsøy, Lyngen og Storfjord.

Sona blei etablert i 1990 som følge av negative utviklingstrekk i folketal og næringsliv

EIN IHUGA GRÜNDER PÅ VOSS

Den unge gründeren Thomas Hårklau har globale ambisjonar. Han vil skape grøn energi ved å sende store drakar høgt opp i lufta. Med seg på laget har han Innovasjon Noreg.

Den 33 år gamle vossingen har tidlegare trassa skepsisen frå omgjevnadene. Få hadde tru på at Noreg var staden for ein vindtunnel der folk kan flyge og leike seg på sterke luftstraumar. Men etter sju år bar tolmodet hans frukt. Vindtunnelen blei opna i april 2012.

*Thomas Hårklau har fått menneske til å flyge (i vindtunnelen bak).
No vil han sende drakar høgt til vørs for å produsere grøn energi.*

Effektiv energiproduksjon

No tek Thomas Hårklau steget vidare med grøn energi og høgtflygande drakar. Han har etablert bedrifta Kitemill, som på utradisjonelt vis skal produsere straum av vindkraft. Kitemill tel no sju fulltidsengasjerte. Lukkast dei, blir det mogleg å produsere vindkraft i indre delar av EU til ein energipris som ikkje er subsidiert, og som vindmøller ikkje kan konkurrere med. Store, automatisk styrte drakar som flyg i opptil 1 500 meters høgd, kan produsere vindkraft meir effektivt enn vindmøller kan i dag.





Teikningar av Bendik Kaltenborn/byHands

Stødige vindar

– Vindmøller er store, dyre konstruksjonar som utnyttar trøblete vindforhold heilt nede ved bakken. Med drakar kjem vi opp i sterkare, stødigare vindar. Anlegga kan difor leggjast kvar som helst, ikkje berre i vindfulle kystområde, seier Hårklau.

Han fortel at drakar kan produsere like mykje vindkraft som vindmøller, med konstruksjonar som utgjer berre 20 prosent av dei tunge, store vindmøllene. Det gjer krafta 40 prosent rimelegare. Hårklau trur vindkraft vil bli den beste forma for produksjon av elektrisitet på verdsbasis, målt i pris og tilgjengelegheit.

Planane han rugar på, er i storleik XXL. Målsetjinga er å utvikle den beste teknologien og bli verdsleiande leverandør av vinddrakeparker innan 2020.

–Vi snakkar om ein milliardindustri, seier Hårklau.

Tru på endring

Medan vyane bokstavleg talt er høgtflygande, er kvardagen fylt med trivialitetar. Mykje handlar om å overtyde andre om å bli med og satse. Thomas Hårklau har stått i fødestova og ringt investorar medan kona låg i vear, han har pantsett hus og heim for det han trur på, og han har saman med medgründerane sine gått utan løn i lange periodar.

– Å vere entreprenør er å ha ein ibuande vilje til å ta ein risiko, og å ha tru på at endring er mogleg. Samtidig må ein kunne få fram realisme i planane, seier han.

I arbeidet med å skape realisme har han hatt stor nytte av at det finst offentlege instansar som òg er villige til å ta sjansar. Vindtunnelen på Voss hadde ikkje blitt realisert utan Innovasjon Noreg, og både dei og Forskingsrådet spelar på lag med Kitemill.

Noreg best no

I 2011 var Thomas Hårklau med i programmet Global Entrepreneurship Training i regi av Innovasjon Noreg og Babson College i Boston. Han seier at programmet var lærerikt og overraskande utbyterikt, ettersom det var der han fekk kontaktar som hjelpte han vidare i Kitemill etter ein tung periode med manglande finansiering.

– Det var tilfeldig, men eg har for vane å takke ja til det Innovasjon Noreg tilbyr. Dei har utan tvil ressursar og kompetanse som er nyttig for ein i min situasjon, seier Hårklau.

Han er glad for den politiske viljen til å satse på distrikta i Noreg, og han omtaler Noreg som det beste landet i verda for ein miljøteknologisk distriktsgründer.

– Det var Spania, Irland og Portugal heilt til nyleg, men etter eurokrisa blei så mange ordningar avvikla der at den grønne greina akkurat no er her i Noreg, smiler han.

Tekst og foto: Erik Veigård



Gründer Thomas Hårklau ser for seg at grøn energi ved hjelp av høgtflygande drakar kan bli realisert om få år.

GOD START I INKUBATOREN

Ann-Kristin Johansen gjekk inn i innovasjonsmiljøet hos Leiv Eiriksson Nyskaping som sjukepleiar, og kom ut som gründer. To år i inkubator gav bedrifta Dynamisk Helse ein god start.

No bruker ho bakgrunnen som sjukepleiar og kommunikasjonsevne sine til å lage eit digitalt læreverktøy for ufaglærte i helsestellet. I 2011 fekk ho Norsk Sykepleierforbunds oppfinnarpris for «Drops», det digitale verktøyet ho håper skal gje ufaglærte i helsesektoren – og pasientane deira – ein betre kvardag.

Gründer Ann-Kristin Johansen og rådgjevar Andreas Pütz på Leiv Eiriksson Nyskaping fann raskt tonen. Det gav Dynamisk Helse ein god start.

På terskelen

Då Ann-Kristin bestemte seg for å starte si eiga bedrift, oppsøkte ho Nav i heimbyen Trondheim for å få informasjon om forsikringsordningar. Dei sende henne til Leiv Eiriksson Nyskaping AS (LEN) for at ho skulle få ei næringsfagleg vurdering av planane. LEN har som føremål å leggje til rette for gründerar og etableringar gjennom rådgjeving, kurs, kapitalnettverk og utviklingsmiljø. Mange aktørar står bak LEN. SIVA er den største eigaren, med ein femdel av aksjane.





Inkubator?

– På LEN møtte eg rådgjevar Andreas Pütz, som brukte ord eg aldri hadde høyrte før. Han ville hjelpe meg med å skrive ein snerten søknad om inkubatorstipend hos Innovasjon Noreg. Ein inkubator – kva i all verda er det? tenkte eg. Samtidig kjende eg at eg var i eit veldig sterkt fagmiljø. «Dette skal vi gjere noko med», var haldninga eg blei møtt med. Det låg utruleg mykje kraft i dette «vi». Eg gjekk inn på LEN som sjukepleiar, og kom ut som gründer, seier Ann-Kristin Johansen.

Ho har seinare definert ein inkubator som «ei fødestove der gründerar får pustehjelp».

Motiverande «Drops»

Ann-Kristin Johansen og bedrifta Dynamisk Helse har alt lansert det første produktet basert på «Drops». Det er ein førstehjelpsapp til smarttelefon. VG skreiv: «glimrende løst teknisk, og innhold som faktisk kan redde liv» då appen blei lansert.

Det er den same teknikken og den same faglege innsikta som ligg til grunn for verktøyet Ann-Kristin Johansen håper skal gjere 60 000 ufaglærte betre og tryggare i jobben.

I Dynamisk Helse samarbeider ho med systemutviklarar og filmselskap for å lage «Drops», eit læringsverktøy med ein dynamikk vi kjenner att frå spelverda. Verktøyet fungerer på smarttelefonar, lesebrett og PC-ar, på alle plattformer, og tek deg gradvis gjennom sju modular til du får eit arbeidsbevis. Poeng og påskjøningar undervegs gjev motivasjon og driv «eleven» vidare.

Sårbar fase

Rådgjevar Andreas Pütz ser etter engasjement og truverd når han møter ein potensiell gründer.

– Ein er i ein sårbar fase når ein utleverer ideen sin til framande. Av og til må eg føreslå å stoppe prosjektet, og mange blir faktisk letta over det, seier han.

Ann-Kristin fekk inga slik melding. Rådgjevaren lytta, trudde på ideen og gjekk inn i eit forpliktande samarbeid med gründeren.

– Han er ærleg, også når han er ueinig med meg. Ein gründer treng ikkje å bli dulla med. Andreas har hjelpt meg med å skrelle bort det uvesentlege og heile tida vere fokusert, seier ho.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

LÆRTE Å TENKJE SOM BEDRIFTSLEIARAR

Sadio Nor Teater frå Tromsø er blitt god forretning. Inntektene har auka etter at teatergründerane fekk hjelp av ein mentor. – Takk vere mentorordninga i Innovasjon Noreg har vi oppdaga heilt nye marknader, seier skodespelarane Nina Rosenlund og Klaus Løkholt Bergli.

Sadio Nor Teater spesialiserer seg på levande formidling av kunnskap. Dei to skodespelarane er førebels dei einaste tilsette. Det kan kome til å endre seg.

Like utfordringar

Koplinga mellom dei to unge skodespelarane og mentor Gunnar Berglund er ved første augnekast ikkje den mest naturlege matchen.

– Eg såg på CV-en til Berglund at han hadde bakgrunn som bankdirektør og strategidirektør. Eg må vedgå at eg lurte på kva i all verda han ville med oss, seier Klaus openhjarta.

Gunnar Berglund hadde ingen planar om å bidra til det kunstnarlege hos Sadio Nor Teater.

– Men når ein driv ei bedrift, er utfordringane overraskande like, same kva bransje det er, seier han.



Matchen mellom Sadio Nor og mentor Gunnar Berglund (stående) var kanskje ikkje opplagd, men skodespelarane Nina Rosenlund og Klaus Løkholt Bergli har hatt stort utbyte av mentorordninga.

Mentortenenesta er eitt av tilboda Innovasjon Noreg har til gründerar. Det inneber ca. 40 timar med ein-til-ein-samtalar med ein handplukka mentor.

Hadde kompetanse som skodespelarane mangla

Både Klaus og Nina vedgjekk alt i det første møtet at Gunnar Berglund var rett mann på rett plass.

– Han var så engasjert og verkeleg interessert. Og han spurde: «Kva vil de bli berømte for?» Då blei det spennande, seier dei to skodespelarane.

– Då mentor begynte å snakke om marknader i fleirtal, såg vi på kvarandre og tenkte: «Finst det meir enn éin marknad?» Vi har vore vane med å arbeide på bestilling. Mentor var heilt klar på at vi trong ein stor, fast kunde som basis for drifta, og så kunne vi krydre med bestillingsoppdrag. Vi hadde aldri tenkt på den såkalla B2B-marknaden – «business to business» – seier teatergründerane.

Mykje å lære

Gründerane og mentor møttest jamleg frå sommaren 2011 til påska 2012, med cirka ein månads mellomrom.

– Det var lurt, for då rakk vi å reflektere over det vi hadde snakka om i det førre møtet. Slik blei det ein modningsprosess, seier dei.

Nina og Klaus bestemte sjølve kva dei ville bruke tida på.

– Det varierte frå småting til strategisk tenking. Mentor var ein god sparringpartner. Han har òg eit fantastisk kontaktnett som vi har fått nytte godt av, seier dei.

Gunnar Berglund er imponert over læringskurva til paret.

– Dei har oppnådd god forståing av business. Når ei bedrift skal kommersialiserast, er ein nøydd til å lære seg stammespråket mellom investorar og låneinstitusjonar, og ein må lære seg å skrive gode søknader, kommenterer han. No er han spent på å følgje utviklinga i selskapet.



Dei to skodespelarane Nina Rosenlund og Klaus Løkholt Bergli har eit godt grep om det kunstnarlege. Samarbeidet med mentor har òg gjeve dei forståing for business. (Foto: Lina Livsdatter)

Fleire moglegheiter

Går det som Sadio Nor Teater og mentor Gunnar Berglund håper, står teaterselskapet framfor eit gjennombrøt. Dei to skodespelarane har utvikla ei ny utstilling og ei framsyning om miljøgifter, som frå 2013 skal visast fast på opplevingsssenteret Polaria i Tromsø. Polaria formidlar klima- og miljøforskning, og er det mest besøkte reisemålet i Nord-Noreg. Gunnar Berglund omtaler framsyninga som eit nybrottsarbeid med internasjonalt potensial.

Skodespelarane er ikkje i tvil om at det løner seg å ha ein mentor.

– Innteninga vår har blitt både høgare og meir stabil, så dette går rette vegen. Mentorordninga burde vore betre kjend, seier Klaus og Nina.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård

FRÅ OMSTILLING TIL UTVIKLING

Det er ikkje rart at mange ser til Evje og Hornnes – ein av suksesskommunane i Distrikts-Noreg og den åttande beste vekstkommunen i landet. Dei greidde å snu nedlegging til vekst. – Ansvar ligg hos kommunestyret! meiner ordføraren.

– Det nyttar ikkje å vente på redninga. Ein må ta saka i eigne hender og vere proaktiv, seier ordførar Bjørn Ropstad i Evje og Hornnes kommune på Sørlandet.


*Etter at Forsvaret trekte seg ut, voks andre arbeidsplassar fram, mellom anna innan helse, meistring og besøksnæringar.
(Foto: TrollAktiv)*

Tidleg på offensiven

Ropstad var fersk ordførar då Forsvaret ved tusenårskiftet bestemte seg for å leggje ned eit heilt regiment og med det fjerne 230 arbeidsplassar. I tillegg forsvann eit forsyningssenter med rundt 100 tilsette.

– Det er klart ein merkar det når meir enn 300 arbeidsplassar blir borte. Men vi fekk ikkje panikk. Vi såg moglegheitene frå første stund, understrekar Ropstad. Knepet var å kome tidleg inn i prosessen.





Illustrasjonen viser korleis offentlege og private aktørar samarbeider når ein hjørnesteinsbedrift forsvinn (Melkeveien designkontor AS)

– Vi fekk eit møte med dåverande forsvarsminister Bjørn Tore Godal og fekk lovnad om at 80 forsvarsbustader ikkje skulle seljast på den opne marknaden. Det kunne ført til dumping av bustadprisane i området. Forsvarstilsette fekk forkjøpsrett, og berre éin bustad måtte takast over av kommunen, seier han.

Blomstrande handel

Kommunen overtok òg Evjemoen leir, der Evjemoen Næringspark AS og kommuneadministrasjonen i dag held til.

– No er det alt i alt fleire i arbeid enn før nedlegginga, og fleire nyetableringar er på trappene. Frå å vere leverandørar til Forsvaret har næringslivet funne nisjane sine innanfor mellom anna helse, meistring og besøksnæringar, seier Ropstad.

Kommunen har cirka 3 540 innbyggjarar, men ein imponerende varehandel.

– Dette har vore eit kryssingspunkt for ferdselsårer sidan folkevandringstida. Framleis må «alle» gjennom Evje og Hornnes. Det at vi ligg slik til, gjer at vi handlar for tre og ein halv gong så mykje som befolkninga skulle tilseie, fortel ordføraren.

Kort prosess

Folketalet gjekk litt ned dei første åra etter at Forsvaret trekte seg ut.

– No har vi fleire innbyggjarar enn vi hadde før nedlegginga. Vi ventar at folketalet vil halde fram med å auke. Dette er ein sjølvforsterkande trend, seier Ropstad.

Han meiner hovudansvaret for ein god omstillingsprosess ligg hjå kommunepolitikarane og hjå innbyggjarane sjølve.

– Dei må vise i praksis at dei vil noko. Kommunestyret må signalisere at vi er ein «ja-kommune». Dei skal motivere både andre politikarar og administrasjonen. Dessutan må vegen til avgjersler vere effektiv. Rådmannen må ha vide fullmakter, meiner ordføraren, som sjølv er rekna for å vere ei aktiv og drivande kraft i omstillingsarbeidet.

Evje og Hornnes har lagt ned alle hovudutvala så nær som planutvalet.

– Hos oss er det formannskapet og kommunestyret som bestemmer. Slik har vi hatt det i fem–seks år, og det fungerer heilt fint, seier han.

Evje og Hornnes hadde omstillingsstatus frå 2002 til 2007. Kommunen fekk i alt 40 millionar kroner til arbeidet, og oppretta mellom anna Evje utvikling AS.

– Er det noko du ville gjort annleis om du skulle begynne framifrå?

– Eg ville vore endå meir medviten med omsyn til korleis vi driv sjølve utviklingsselskapet, og samansetjinga av styret er viktig. Gode idear er ikkje nok. Ein må òg kunne gjennomføre. På den andre sida må ein vere villig til å ta nokre sjansar. I utviklingsarbeid vil det alltid vere idear som strandar. Slik skal det vere.

– Korleis står det til i Evje og Hornnes om fem år?

– Då har vi vakse ein god del og er ei viktig brikke for endringar i kommunestrukturen. Eg ser for meg Evje og Hornnes som eit regionsenter for indre Agder. Vi har alle føresetnader for det, seier Ropstad.

Tekst: Hanne Løkås Veigård

VIDDA VINN

Hardangervidda blir no tilrettelagd på måtar som gagnar alle: grunneigarane, villreinen og reiselivet. – Vidda Vinn! seier prosjektleiar Guro Lien oppglødd. Vekst og vern treng ikkje vere motpolar.

ViddaVinn er namnet på prosjektet ho leier. Det er eitt av 15 nasjonale prosjekt i Direktoratet for naturforvaltning sitt program Naturarven som verdiskapar.

Toler bruk

Hardangervidda er den største nasjonalparken i Noreg, og har vore svært mykje brukt gjennom åra. Vidda blir nytta til jakt, fiske, friluftsliv, beiteområde og stølsdrift, og er eit kulturlandskap der det går mange gamle

ferdselsveggar. Her er òg den største villreinbestanden i Europa.

– Med gjennomtenkt tilrettelegging toler randområda godt å bli nytta, seier Lien.

Hovudmålet med Vidda Vinn er å setje Hardangervidda nasjonalpark på kartet på ein slik måte at både villrein, grunneigarar og reiseliv vinn på det.

– Vi sjekkar alle tiltak opp mot desse interessene.



Steinsatte stigar i populære turområde minskar slitasjen på terrenget.

Nær kasseapparatet

Det er særlegandområda utanfor nasjonalparken og leveområdet til villreinen som er interessante.

– Desse områda er minst sårbare og lettast tilgjengelege. Det er òg her det blir drive næring som kan nytte godt av auka trafikk. Å leggje aktivitet og folkestrøm «nærast mogleg kasseapparata» er eit mål når ein skal utnytte verna område til verdiskaping, seier Guro Lien.

Vidda Vinn har henta inspirasjon frå nasjonalparker i andre land for å leggje til rette turveggar i kommunane Vinje og Tinn i Telemark.

– Vi lagar lågterskeltilbod ute i naturen. Mellom anna har vi steinsette stigar i populære turområde med mykje slitasje. Vi lagar òg turveggar for dei som ferdast med barnevogn eller i rullestol. På denne måten oppnår vi både å leggje til rette for publikum og å kanalisere ferdsla til område som toler det, seier prosjektleiar.

Prosjektet har laga nettsida www.hardangervidda.com for å vise at ein ikkje treng gå langt for å oppleve Hardangervidda. Her finn ein tips til bilferien langs Hardangervidda nasjonalparkrute – fjellvegen i Telemark.

Tyngd og pengar

Å bli med i satsinga Naturarven som verdiskapar har hatt mykje å seie for tilrettelegginga iandområda til Hardangervidda.

FAKTA OM PROGRAMMET NATURARVEN SOM VERDISKAPAR

- samarbeid mellom Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet
- hovudmål:
 - medverke til at verneområde og andre verdifulle naturområde blir viktige ressursar i samfunnsutviklinga
 - leggje til rette for næringsutvikling
 - betre samarbeidet som er knytte til verneområde, på alle nivå



Å leggje aktivitet og folkestrøm «nærast mogleg kasseapparata» er eit mål når ein skal utnytte verna område til verdiskaping.

– Det gjev høve til å realisere idear som har lege der lenge. At Fylkesmannen, fylkeskommunen, reiselivet, verneinteresser og grunneigarar er med i styringsgruppa for prosjektet, er ein veldig styrke for forankring og samarbeid på tvers av ulike miljø og fagfelt. Det er òg lettare å få pengar når ein er med i eit nasjonalt program. Alt vi gjer, skjer på ein svært ordentleg måte, seier Guro Lien.

Ho registrerer at dei tilrettelagde stigane og turvegane er mykje i bruk.

– Vi ser stor effekt av tiltaka. Reiselivet bruker dette i marknadsføringa si, og både turistar, hyttefolk og fastbuande er flittige brukarar.

Felles interesser

Nettverkssamlingar med dei andre prosjekta har vore svært lærerike.

– Når ein arbeider med vern og bruk, er kjerneproblema dei same, sjølv om dei lokale forholda er ulike. Det handlar om å utnytte det unike i kvart område. Dei fleste satsar dessutan mykje på turgåarar og vandring, så vi har mange felles interesser, seier ho.

– Er det kontroversielt at bruken av verna område aukar?

– Vi var førebudde på det. I starten var det litt usemje. Men vi har satsa mykje på informasjon og dialog. No får vi svært mange gode tilbakemeldingar, og vi vil nytte sjansen til å skryte av alle dei positive grunneigarane vi har møtt undervegs. Det er utruleg moro å arbeide med dette! seier Lien.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Vidda Vinn



Utgiven av:
Kommunal- og regionaldepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00
Publikasjonskode: H 2282 N
Design: Magnolia Design
Omslag: Grafisk Form
Trykk: Grøset
02/2013 - opplag 4500 eks.